# Landskapet i Maurangerområdet

**Kvinnherad kommune**













**Romleg landskapsanalyse og evaluering av landskapskvalitetar**

**Lykkja landskapsplan, 2004**

# Føreord

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) har utarbeidd ein metode for romleg landskapsanalyse som er tilpassa kommunal oversiktsplanlegging (Kamfjord et al, 1997 og Lykkja, 1998). Metoden er forklara i eit eige kapittel i rapporten.

I samband med Kvinnherad kommune sitt arbeid med ny kommunedelplan for Mauranger-området fekk underteikna i oppdrag å lage ein landskapsanalyse etter NIJOS-metoden. Det vart frå kommunen si side understreka at denne skulle gjerast etter vanleg metode, og at eg ikkje skulle skjele for mykje til utkastet til arealplanen. Det var likevel eit ynskje om at eg ved hjelp av bilde skulle vise døme på god og mindre god arealbruk, knytt til sentrale tema i planen. I samråd med oppdragsgjevar har eg difor gjennom eit utval av bilde og bildetekstar retta fokus mot bygdeutvikling, reiselivsutvikling, busetnads- og fritidshusproblematikken.

Rapporten inneheld skildring av landskapsområda kring Maurangerfjorden og ei evaluering av desse i fem klassar (A1-A2-B1-B2-C). Grunngjevinga for evalueringa er gjeven i stikkords-form i skjemaet for landskapsanalysen. Innsamling av data føregjekk ein tre-fire dagar i juni 2003. Skildringane er basert på det eg såg desse dagane, samt studiar av ulike kart og natur-faglege undersøkingar frå området. Området Maurangsnes til Gaussvik vart kartlagt i lag med fagfolk innan landsbruk, skog og arealplanlegging frå Kvinnherad kommune. Det var ein ettermiddag med duskregn og noko dårleg sikt. I løpet av desse dagane deltok eg også på to grendemøte der arealplanprosessen var tema.

Metoden legg i utgangspunktet opp til at ein skal ha god kjennskap til og oversikt over både regionen og underregionen ein arbeider i, for å kunne evaluere områda på ein skikkeleg måte. Eg gjer her merksam på at eg ikkje har kartlagt alle delar av regionen og underregionen, men at eg tidlegare har vore innom store delar av områda i samband med feltarbeid for NIJOS. Full kartlegging hadde ikkje oppdragsgjevar midlar til å dekke, noko som gjer at eg tek atterhald om kvaliteten på denne delen av arbeidet.

Mi erfaring er at forvaltninga ynskjer å få vite kva for område som er mest verdifulle, best eigna, mest utsette for endringar, eller som er direkte i fare for å miste særpreg og identitet som ein ynskjer å oppretthalde. Ei landskapsevaluering set i gang diskusjonar og meir bevisste tankar omkring slike tema, og det er det viktigaste bidraget vi kan gje til ei langsiktig forvaltning av natur- og kulturlandskapet. Difor fann eg det rett å gjere denne evalueringa, trass i den korte tida eg hadde til kartlegging i felt.

Landskapsevaluering er i alle høve ikkje å sjå som ein endeleg dom, men som ein peikepinn på kva som er verdifullt å ta vare på i ein regional samanheng, og kva som kan forbetrast slik situasjonen er i dag. Grunngjevinga kan underbyggjast meir etterkvart som landskapet kring fjorden blir kartlagt.

Vestre Slidre, august 2004

Hanne Lykkja
Lykkja Landskapsplan

# Innhald


## 1. Metode 5

**1.1 Landskapskartlegging i Kvinnherad** 5
**1.2 Romleg landskapskartlegging** 5
Landskapsregionar, underregionar og landskapsområde
- inndeling, avgrensing og skildring 7
Skalaforhold og grensedraging 10
Landskapsevaluering, vurderinga av estetiske kvalitetar og landskaps-bilde for naturoppleving og rekreasjon 11

## 2. Landskapsanalysar for Maurangerområdet, Kvinnherad kommune 13

**2.1 Landskapsregion, underregion og landskapsområde** 13
Region 22. Midtre bygder på Vestlandet 13
Underregion 20.22: Bygdene i Kvinnherad og Strandebarm 13
Landskapsområde kring Maurangerfjorden 13

**2.2 Landskapstypar** 14

**2.3 Landskapsevaluering** 14

**2.4 Kart over landskapsområda med påfølgjande analysar** **15**
Ænes landskapsområde (delområde av Sildafjorden) 16
Maurangerfjorden landskapsområde 20
Sunndal landskapsområde 24
Austrepollen landskapsområde 28
Nordrepollen landskapsområde 31
Gjetingsdalen landskapsområde 34
Årvikstrand* landskapsområde 38

## 3. Innspel til kommuneplanarbeidet – tema som gjeld heile området 42

**3.1 Spreidd eller samla (fritids)busetnad - og tilgjenge til sjøen** 43
**3.2 Kulturlandskap og naturmiljø – kor mykje er det mogleg å tilpasse?** 44
**3.3 Tilgjenge til viktige friluftsområde, til utmark og til sjøen** 45

## Litteraturliste og referansar: 47

**Vedlegg 1)** Landskapsskildringar Region 22, Midtre bygder på vestlandet og 48
Underregion 22.20, Bygdene i Kvinnherad og Strandebarm 50
**Vedlegg 2)** Landskapstypar i Kvinnherad og Strandebarm 54

# 1. Metode

## 1.1. Landskapskartlegging i Kvinnherad

I samband med Kvinnherad kommune sitt arbeid med ny kommunedelplan for Mauranger-området fekk underteikna i mai 2003 i oppdrag å lage ein landskapsanalyse etter NIJOS-metoden. Det vart frå kommunen si side understreka at denne skulle gjerast etter vanleg metode, og at eg ikkje skulle skjele for mykje til utkastet til arealplanen, då analysen også skulle fungere i andre plansamanhengar.

Det var likevel ynskje om at eg på eit meir generelt grunnlag skulle diskutere sentrale tema i arealplanen som plassering av bustadfelt og hyttefelt (spreidd/konsentrert bygging og jord-vern), tilgjenge til sjønære rekreasjonsområde, tilgjenge til utmark frå tettstadane og forholda kring spesielt verdifulle natur- og kulturlandskapsområde. Dette er gjort gjennom val av bilde og bildetekst knytt til dei ulike områda, og også oppsummert i eit eige kapittel.

Romleg landskapskartlegging er også tidlegare gjennomført i Kvinnherad kommune, men metoden er noko vidareutvikla i frå den gongen dalane kring Folgefonna vart kartlagt av NIJOS (Elgersma, 1996). Det er likevel mogleg å samanlikne analysane. Metoden er dessutan aktuell gjennom NIJOS sitt pågåande arbeid med kartlegging av landskapstypar i sjønære område i Hordaland (Puschmann, in prep, sjå vedlegg). Det er samarbeida med NIJOS for å sikre at landskapsgrensene er samanfallande for kartleggingsområdet.

Resten av dette kapitlet er teke frå meotodekapitlet i ei hovudoppgåve i ressursgeografi og landskapsøkologi ved universitet i Oslo, der vidareutvikling av metoden for romleg landskaps-kartlegging inngjekk som ein del av arbeidet. (Lykkja, 1999).

## 1.2. Romleg landskapskartlegging

Den metoden som er vil nytte i denne analysen er på mange måtar eit resultat av dei norske reiselivs- og landbruksmyndigheitene si langsiktige satsing for å få landskapskvalitetane betre ivaretekne i planlegging og forvaltning. Metoden er nytta som grunnlag for ressursanalyser for natur- og kulturbasert reiseliv, kommuneplanlegging og i samband med prosjekt der konsekvensar for landskapsbilde, friluftsliv/rekreasjon og reiseliv skulle analyserast.

Metoden er kalla *Romleg landskapskartlegging* (NIJOS 1997 og Lykkja, 1999) og byggjer på metoden *Visual Management System* utarbeida av U.S. Forest Service. Utgangspunktet for arbeidet var å utvikle ein metode for rekreasjonsplanlegging og fleirbruk i dei statseigde skogane og nasjonalparkane i USA. Arbeidet er tilpassa norske forhold av Magne Bruun og presentert i rapporten Natur- og kulturlandskapet i arealplanleggingen (Nordisk Ministerråd, NMR 1987:3 del I).

Kriteria i NMR-arbeidet vart utarbeida for å kome fram til betre påvising av verneverdiar og kvalitetar i landskapet ut frå omsyn til naturfaglege verdiar, kulturminne og landskapsbilde. Spesielt med tanke på planlegging på kommunalt nivå (NMR 1987:3, del II, s. 9). Metoden byggjer på både positivistiske og fenomenologiske teoriar, og operasjonaliseringa er difor ikkje enkel, avdi ulike vitskapsdisiplinar blir sett saman for å underbyggje og operasjonalisere ein kartleggingsmetodikk som skal fungere i praktisk planlegging og forvaltning. Metoden er vidareutvikla av NIJOS i samband med etableringa av det nasjonale referansesystemet for landskap (NIJOS 1993 og Elgersma 1996, og sist av Puschmann, in prep, sjå vedlegg).

På nasjonalt nivå har NIJOS utarbeida kartet *Landskapsregionar i Norge, med underregion-inndeling* (Elgersma 1996) i M 1:2 mill. Den same inndelinga finst og som fylkeskart. Til Norgeskartet høyrer ein førebels rapport med skildringar av regionane (Elgersma og Asheim 1998).

Inndeling av landskapet på nasjonalt nivå tek utgangspunkt i dei store og samlande karaktertrekka som hovudformene i landskapet skapar og det hovudinntrykket natur- og kulturlandskap gir. Grensedraginga mellom ulike regionar vil avhenge av kva for landskapskomponentar som er dominerande i dei ulike delane av landet. Ofte er store høgdeskilnader og klare landformer avgjerande, som på Vestlandet og i Nord-Norge. På Austlandet kan store skogområde eller flate jordbruksbygder avgjere grensedraginga. Etter at NIJOS, i samråd med representantar for landbruk, kultur og miljø i alle fylka, gjekk igjennom samtlege fylke for å fastlegge landskapsregionar og underregionar, er det no definert 45 landskapsregionar og 444 underregionar.

Med nokre få unntak strekkjer regionane seg over fleire fylke og på tvers av fylkes- og kommunegrenser. Dette gjer ein i stand til å setje det heilskaplege landskapet i fokus og vurdere tiltak og planlegging utifrå landskapet sjølv, meir enn dei "usynlege" og ofte tilfeldige administrative grensene. Etterkvart som meir kunnskap om underregionar og landskapsområde innanfor dei einskilde regionane vert samla, vil ein få ei stadig betre oversikt over kva for landskapstypar som finst i landet.

På neste side er ei oversikt over korleis dei ulike regionane og underregionane er utarbeidde for den inndelinga som alt er gjennomført i Kvinnherad. Deretter følgjer eit skjema som syner korleis ein skil landskapsområde frå kvarandre.

Naturgrunnlaget er på underregion- og landskapsområdenivå delt opp i kategoriane *landskapet si hovudform, geologisk innreiing, vegetasjon, vatn og vassdrag*. Arealbruk og busetnad og andre kulturspor er skildra som *jordbruksmark* og *busetnad og tekniske anlegg*. Totalinntrykket er gitt namnet *landskapskarakter.* Inndelinga og avgrensinga av underregionane og landskaps-områda fylgjer same oppsett, men med rom for meir konkretisering på landskapsområdenivå. Dette er vist på dei neste sidene.

*Landbruket* er skildra under tre kategoriar på regions- og underregionsnivå, jordbruket under jordbruksmark, skogbruket under vegetasjon og bygningar/produksjonsanlegg under busetnad og tekniske anlegg. Grunnen er at jordbruksmarka dannar heilt andre og oftast meir varige mønster i landskapet enn skogbruket, som med unntak av hogstflater og granplantefelt på snaumark eller i lauvskogsområde best kan skildrast som del av det generelle skogbildet. Skogsdrifta er eksempel på arealbruk som alt etter form og landskapstilpassing vil kome inn under kategoriane vegetasjon, tekniske anlegg (vegar ol.) og/eller bli kommentert under landskapskarakter.

Metoden er under utvikling, og NIJOS arbeider no med ein revisjon av region- og underregionsgrensene, der ein gjennomfører same inndeling i landskapskomponentar som for landskapsområda.

Landskapsregionar, underregionar og landskapsområde - inndeling, avgrensing og skildring

Kvar landskapsregion er avgrensa på grunnlag av ei skildring av naturgrunnlag, arealbruk og busetnad og andre kulturspor. Desse skildringane dannar grunnlaget for å seie noko om totalinntrykket av landskapsregionen, der det som er typisk eller representativt for regionen og det som særpregar denne er vektlagt.

**Naturgrunnlaget** er sjølve ryggrada i landskapet og utgangspunktet for det kulturlandskapet menneska har forma. Med naturgrunnlag meinest på dette oversiktsnivået landformer, berggrunn og jordartar, hydrologi og klima og økologisk forhold skildra i store trekk

**Arealbruken** er bestemt av kulturhistoriske utviklingsprosessar ofte like tilbake til dei fyrste menneska som kom hit etter siste istid og fram til i dag. Arealbruken er og avhengig av yteevna til naturen (produksjonsgrunnlag/ bonitet) og av samfunnsstrukturar (konjunkturar, teknologi og politiske mål). Nest etter landformer vil arealbruken vera hovudkriterium for avgrensing av landskapsregionane.

**Busetnad og andre kulturspor** kan i vesentleg grad prege ein region og understreke dei funksjonelle samanhengane mellom naturgrunnlag og arealbruk. Busetnad og byggjeskikk høyrer til dei markante kulturspora i landskapet. Byggjetradisjonane viser til dels store regionale variasjonar med omsyn til lokalisering, utforming, stilart osv.

**Totalinntrykket** av landskapet er ei samanstilling av dei føregåande vurderingane, men det er vesentleg å merke seg at totalinntrykket er forstått som meir enn summen av dei einskilde landskapskomponentane. Totalinntrykket kan danne eit eige kriterium for inndeling og avgrensing av landskapsregionar på line med arealbruken. Spesielt gjeld dette heilheitsinntrykket av den romlege innreiinga av landskapet (skalaforhold og kor ope landskapet framstår)




**ill. Magne Bruun, 1987**

Inndeling, avgrensing og skildring av landskapsregionar (Nordisk ministerråd 1987:3, del I s.30-32).



**Hovudforma i landskapet**
Storforma i landskapet (vekt på det formale).



**Geologisk innreiing**
Berggrunn og lausmassar. Innreiing av hovudforma med geologiske detaljar.



**Vegetasjon**
Hovudtypar av vegetasjon, kulturpåverknad, randsoner m.m.



**Vatn og vassdrag**
Innsjøar, fjordar og hav. Bekkar, elvar og fossar. Storleik på vassflata og Strandlinjeform,



**Jordbruksmark**
Arrondering og arealbruk. Eng, åker og beitemark. Ulike bruksformer i inn- og utmark.



**Busetnad og tekniske anlegg**
Byggjeskikk, tradisjon, samspel mellom nytt og gamalt. Vegar, kraftliner, og andre større anlegg.



Ill: Gaute Sønstebø, NIJOS 1993.

**Landskapskarakter**

Til saman utgjer landskapskomponentane og samspelet mellom desse det vi kallar **landskapsbildet**. Gjennom ei landskapsgeografisk registrering og skildring av komponentane kjem vi fram til **kva** landskapsbildet er bygd opp av. Landskapsskildringa tek for seg overordna og vesentlege karakterdrag i landskapet som skalaforhold, romleg oppbygging (dal, slette, fjellparti) og kor ope det er.

På denne måten kjem vi fram til **landskapskarakteren** og slik identifiserast også **landskapstypen**. På dette grunnlaget blir så grensene for underregion og landskapsområde bestemt.

Landskapskomponentar etter Asheim og Sønstebø 1993.

| OMRÅDENAVN<br>referansenummer | NAVN PÅ GEOGRAFISK AVGRENSA UNDERREGION ELLER LANDSKAPSOMRÅDE |
|---|---|

| LANDSKAPS-<br>KOMPONENT | SKILDRING | KOR<br>VIKTIG |
|---|---|---|
| HOVUDFORMA I LANDSKAPET | Storforma i landskapet med vekt på det formale, skildring av romleg inntrykk, avgrensing mot andre område. Dei store landformene vil ofte medføre at ein tek med geologisk danningshistorie. | * * * |
| GEOLOGISK INNREIING | Her er det naturleg å starte med bergrunnen og då med vekt på dei faktorane som er viktige i landskapsbildet. Småformene i landskapet høyrer med her. Vidare bør ein ta med noko om lausmassedekning og til slutt geomorfologiske forekomstar som t.d. strandformer (sand/rullesteinstrand, klippekyst m.m.). Brear og is høyrer med til dei geomorfologiske skildringane. | |
| VEGETASJON | Hovudtypar av vegetasjonssamfunn og vegetasjonsdekning. Struktur og tekstur kan gjevast ein generell kommentar. Viktige trekk som er med å prege landskapsbildet bør framhevast, (tett skog eller open med mange lysningar), rik-fattig produksjonsevne, fargemønster, kor framkomeleg, kor naturleg eller kulturpåverka skog og anna vegetasjon er, osv. Skogbruk er teke med i denne rubrikken, og skildrast i samband med skogbildet. | |
| VATN OG VASSDRAG | Småvatn, innsjøar, fjordar og hav. Bekkar, elver og fossar. Storleiken på vassflata og strandlinjeform. Farge på vatnet (grønt brevatn, slamgrått eller kvitt vatn). Isformasjonar, islegging (store delar av året?). Store naturlege skilnader i vassføring over året, vassdragreguleringar. For havområde lyt ein og ta med flo/fjøre, langgrunnar, skjellsandbankar og turkisgrønt vatn, sterke straumar mm. | |
| JORDBRUKS-<br>MARK | Jordbruket er ein av dei største landskapsforvaltarane i landet og det opne jordbrukslandskapet gir eit heilt anna inntrykk som regel meir varig inntrykk enn td. skogsdrift. Ulike driftsformer i inn- og utmark skildrast gjennom td. arrondering og arealbruk (driftsmåtar) om korleis td. eng, åker og beitemark, hamnehagar, randsoner, åkerreiner og -holmar påverkar landskapsbildet. | |
| BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG | I denne kategorien inngår bygningar frå små stølar til store gardar, småplassar, tettstader, industriområde, skytefelt, gruveområde og byar. Vegar av ulike slag, inkludert traktorvegar, skogsbilvegar, slep og stigar og andre fersdelsårer som synest i terrenget, td. snøscooterløyper. Jernbanar, skipsleier med hamner. Tekniske installasjonar av alle slag, kraftgater osv. Byggjeskikk, tilpasning til terrenget og til landskapet elles er viktig å skildre. | |
| LANDSKAPS-<br>KARAKTER OG LANDSKAPSTYPE | Til saman utgjer landskapskomponentane og samspelet mellom desse landskaps-karakteren. Landskapsbildet er også avhengig av klima ( kor lenge snøen ligg, nedbør mm.). Landskapskarakteren vil på områdenivå ha overordna karakterdrag som gjer at vi kan gruppere landskapsområada i ulike landskapstypar. Skildringane nyttar stikkord som form, struktur, liner, randsoner, sonering, fordeling, ordning eller mønster, fargespel, kulturpåverknad, linjeføring, eigenart o.l. omgrep for å fange opp landskapskarakteren**.** | |

Skildring av landskapskomponentane

| | |
|---|---|
| * * * | Dominerande landskapskomponent, avgjerande for landskapskarakteren og avgrensinga |
| * * | Viktig landskapskomponent, vesentleg for landskapskarakteren |
| * | Viktig landskapskomponent, vesentleg for delar av eit område/underregion |
| ( ) | Inga stjerne viser at landskapskomponenten er uvesentleg eller ikkje finst |

Skalaforhold og grensedraging
Underregionane og inndelinga av desse i landskapsområde blir gjort på bakgrunn av ei meir detaljert inndeling og skildring av landskapet. På fylkes- og kommunenivå er det behov for meir detaljar enn det landskapsregionkartet som er tilpassa nasjonale forvaltningsoppgåver føreset. Grov grensedraging på kart i små målestokkar kan ikkje utan vidare overførast til kart i større målestokkar. Prinsippet er at ei regiongrense ligg oppå ei underregiongrense som ligg oppå ei landskapsområdegrense. Sidan kartlegginga har starta på eit nasjonalt nivå, lyt regiongrensene tilpassast terrenget etterkvart som ein arbeider seg nedover på stadig lågare geografisk nivå.

Generelt kan ein seie at landskartet med regionar og underregionar, høver for målestokkar frå 1:1 million og mindre. Fylkeskarta har meir detaljerte kartgrunnlag og difor noko meir nøyaktig grensedraging, men desse er oftast i  M 1:250 000 og difor er berre regionar og underregionar med her. Landskapsområda kjem fyrst med på kart i større målestokkar, frå omlag M 1:100 000. Det siste nivået høver for kommunal planlegging og liknande forvaltningsnivå, som t.d. forvaltningsplanar for større nasjonalparkar.




Skjematisk framstilling av prinsippet for landskapskartlegging med inndeling i  regionar, underregionar og landskapsområde.

Fordi ein ynskjer å vise dei store trekka i landskapet på nasjonalt nivå, er det metodisk sett vanskeleg å la mindre område kome ut som “øyar” utom regionane. Dette blir eit problem på lågare nivå, då naturen stort sett er meir mangfaldig enn det let seg gjere å kartfeste i formålstenlege målestokkar. NIJOS har vald å seie at td. høgfjellregionen kan ha landskapsområde med td. lågfjellspreg eller fjellskog som når dei opptrer spreidd eller enkeltvis ikkje blir plassert i eigne regionar. Ein måte å handsame dette på, er å nemne slike forhold under totalinntrykk eller landskapskarakter, spesielt i  samband med skildring av landskapstype.

Som ved all anna kartlegging er dei typiske eller representative karakteristikkane av dei ulike hovudtypane skildra, medan grensene blir i overgangssonene, der det alltid vil vere rom for diskusjon og skjøn om kor vidt landskapet liknar meir på den eine eller andre typen. Dette kjem det eksempel på seinare under skildringane. Di meir kjennskap ein får til ein region, dess lettare kan ein argumentere for om ei underregionsgrense er dregen rett eller om det kanskje bør vere ei ytterlegare oppdeling, evt. ei samanslåing av grenser.

I prinsippet kan ein dele landskapet opp i stadig mindre einingar etter den same lesten. I samband med praktisk planlegging lyt ein prøve å halde seg til ein detaljeringsgrad som er

relevant for formålet med planen. For Mauranger sin del er det gjort ei avgrensing av Ænes landskapsområde, tilpassa kommunal oversiktsplanlegging og dei økonomiske rammene til prosjektet, som innebar 3-4 dagar i felt totalt. Ænes er eigentleg eit delområde, og del av eit stort landskapsrom, Sildafjorden, der Varaldsøya utgjer den andre hovudveggen i rommet. Så også med Årvikstrand. Det var ikkje høve til å kartlegge båe sider av fjorden innanfor rammene til dette prosjektet.

Eksempelet ovanfor er typisk for ein kartleggingsprosess der ein startar på eit høgare geografiske nivå og går nedover. Den store fordelen med ein slik framgangsmåte er, forutan ein beheld oversikta og ikkje fortaper seg i detaljar før systemet er etablert, at ein sikrar ei regional referanseramme, og at ein kan velje detaljkartlegging i dei områda ein av ulike årsaker ynskjer å prioritere. Ettersom karta ligg føre digitalt har ein og høve til å samanstillle data og utarbeide databasar.

<u>Landskapsevaluering, vurderinga av estetiske kvalitetar og landskapsbilde for naturoppleving og rekreasjon</u>

Til saman utgjer landskapskomponentane og **samspelet** mellom desse det vi kallar landskapsbildet. I landskapsevalueringa er samspelet i fokus: **korleis** trer dei ulike komponentane fram i landskapet, kvar for seg og i saman? I landskapsevalueringa nyttar ein gjerne omgrep frå musikken si verd: **Komposisjonen** fortel mykje om dei visuelle landskapskvalitetane som er vesentlege for å kunne karakterisere landskapsbildet: Kling det godt, er det god **samklang**? Er bygg og anlegg **avstemt** i forhold til landskapet? Er det uheldige inngrep som med fordel kunne vore **dempa** eller skjerma for omgjevnadene?

Kriteria for evaluering av landskap er utarbeidd på bakgrunn av Nordisk Ministerråd sin rapport frå 1987. (NMR 1987:3, del II, side 67-70.) Nedanfor følgjer ein kort presentasjon av dei ulike kriteria og eksempel på korleis resultata frå evalueringa er sett saman med landskapsskildringane for å kome fram til landskapskarakteren.

**Estetiske verdiar** for landskapskvalitetar som er viktige for landskapsoppleving i samband med friluftsliv og rekreasjon:

- **Mangfald, variasjon:** Landskap med stor variasjon og mange karaktersterke landskapskomponentar vil ha høgare opplevings-potensiale enn landskap med få vekslingar.
- **Heilskap:** I eit heilheitleg landskap dannar dei ulike landskapskomponentane ein harmonisk samanheng. Arealbruk/inngrep som bryt med det naturlege mønsteret i landskapet (flatemønster, linedrag og mosaikkstrukturar) vil senke opplevingspotensialet.
- **Inntrykksstyrke, intensitet**: Sterke kontrastar mellom landskapskomponentane gir ofte dramatiske landskap. Område med dramatikk eller høg intensitet (sterke naturkrefter)gir sterke inntrykk som aukar opplevingspotensialet.
- **Symbol- og identitetsverdiar**: Viktige/dramatiske hendingar kan og farge landskapsopplevinga. Historiske hendingar, landskap knytt til. syn og segn, kjende litterære verk osv. gir landskapsopplevinga ein ekstra dimensjon, dersom ein kjenner til desse.

Den visuelle analysen skildrar form, struktur, liner, randsoner, sonering, fordeling, ordning eller mønster, fargespel, linjeføring, kulturpåverknad, eigenart m.m. for slik å kunne vurdere

dei visuell-estetiske kvalitetane i underregionen eller landskapsområdet. Dei visuelle eigenskapane er lettast å gripe fatt i, både fordi ein treng minst forkunnskapar for å registrere desse og fordi dei reint praktisk er lettare å kartfeste. Symbol- og identitetsverdiane krev større innsikt i dei (ofte usynlege) historiske kvalitetane i landskapsbildet.

Det er samspelet mellom dei ulike komponentane i landskapet, deira funksjon og naturhistoriske, kulturhistoriske og estetiske kvalitetar som til saman fortel oss noko om kvifor landskapskarakteren blir meir enn "summen av delane". Landskapsvalueringa føreset ei skildring av landskapskomponentane. Landskapkarakteren er summen av landskaps-komponentane og ei estetisk vurdering av korleis vi opplever landskap. Denne estetiske vurderinga tek og omsyn til historiske kvalitetar som er med på å prege landskapsopplevinga.

Landskapset sitt opplevingspotensiale for ferie, fritid og rekreasjon (eller heile gradienten frå sightseeing som fjernoppleving frå turbussen til friluftsliv i urørt natur) er forklara med estetiske verdiar, symbolverdiar og indentitetsverdiar. På denne måten fangar landskapsevalueringa opp visuelle, symbolske og identitetsskapande kvalitetar i landskapet som ellers lett fell ut ved vanlege (natur)geografiske skildringar.

Under arbeidet med denne rapporten var det ikkje tid til å fange opp mange av dei symbol- og identitetsverdiane som ligg i denne sterke og tradisjonsrike Vestlandsnaturen. Desse verdiane er ikkje utan vidare synlege, men når du har fått vite om historia til eit landskap, kan slik kunnskap faktisk gje nye landskapsopplevingar. Eidsvoll og Dovrefjell er eks. på stader og område med viktige historiske hendingar/symbolikk knytt til grunnlova vår (Enig og tro til Dovre faller), og som slik er tilført ein eigenverdi utover det reint visuelle. Stader der dramatiske hendingar under siste verdskrigen fann stad, er andre eksempel der kunnskap kan endre opplevinga av eit landskap, på same måte som kjennskap til farleg forureining kan gjere det. Ei slik kartlegging kan godt gjennomførast som eit samarbeid mellom kulturstyresmakter og lokalhistorielag.

# 2. Landskapsanalysar for Maurangerområdet, Kvinnherad kommune

## 2.1. Landskapsregion, underregion og landskapsområde

Region 22. Midtre bygder på Vestlandet
NIJOS har delt Noreg inn i 45 landskapsregionar og 444 underregionar. Kvinnherad ligg i landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Dette er ein stor og innhaldsrik landskaps-region som strekkjer seg frå Gjesdal i Rogaland til Tingvoll på Nordmøre. Regionen utgjer i grove trekk eit belte mellom fjordmunningane og fjellregionen. Mindre fjellområde mellom fjordane vert og rekna til regionen. Høg nedbør pregar regionen, som og av den grunn har stor grøderike område. Men, her finst og svært karrige område. Regionen er kjennteikna av veldrevne jordbruksområde i så vel opne fjordlandskap som avsondra dalar. (Meir om regionen, sjå vedlegg 1).

Underregion 20.22: Bygdene i Kvinnherad og Strandebarm
Mauranger ligg i underregion nr. 22.20, som kallast "Bygdene i Kvinnherad og Strandebarm". Denne underregionen har ei landform som er typisk for regionen, men med uvanleg høg variasjon og store kontrastar, samstundes som her er stor heilskap over store delar av underregionen. Skildringar av tilhøyrande region og underregion (vedlegg 1) er å finne lenger bak i denne rapporten. Her kan ein lesa grunngjevinga for kvifor NIJOS si samla vurdering av underregionen er eit landskaps med kvalitetar i klassen A1 (A2).

Revisjon av landskapsregion 22 er under arbeid, og dette forklarar at fyrste del av skildringa er skrive på bokmål, medan eldre delar framleis er på nynorsk. Vedlegget er henta frå den digitale rapporten "Skildringar av landskapsregionar i Hardanger og delar av Sunnhordaland" (NIJOS-rapport 8/2000), slik den ligg føre på NIJOS sine Internettsider.

Landskapsområde kring Maurangerfjorden
Maurangerfjord-området er som kartet viser, delt inn i 7 landskapsområde/delområde tilpassa kommunal oversiktsplanlegging. Sjå vedlagde kart med landskapsgrenser. Inndelinga følgjer overordna grenser for region- og underregiongrensene slik dei ligg føre på NIJOS sine landskapskart med tilhøyrande rapportar.

Som innspel til hjelp i utarbeidinga av kommunedelplan for Mauranger-området, er det føreteke ei ytterlegare inndeling av NIJOS sine områdegrenser i delområde. Prinsippa for kartlegginga er den er dei same som NIJOS sine tidlegare registreringar nemnde ovanfor. Dette gjeld t.d. Ænes og Årvikstrand, som båe er delar av nokon store, svært vide fjordlandskap. Her er den andre veggen i landskapsrommet som ei fjern kulisse, og der ein også gjerne ser langt over, og inn i neste område.

På dei neste sidene følgjer landskapsanalysar med bilde og kommentarar for desse områda: Ænes, Maurangerfjorden, Sunndal, Austrepollen, Nordrepollen, Gjetingsdalen og Årvikstrand. Analysane er illustrert med bilde frå områda. Her er det gitt plass til kommentarar og vurderingar som døme på utfordringar mtp. Aralbruk og forvaltning som analysen avdekkar.

Etter ynskje frå Kvinnherad kommune er det også gjeve enkelte kommentarar på generelt grunnlag til ulike tema som har med kommunal oversiktsplanlegging å gjere. Det gjeld diskusjonen om spreidd eller konsentrert busetnad og hyttebygging, kva typar og omfang av inngrep som ulike landskaps kan tåle – utan å miste viktige kvalitetar og opplevingspotensiale, og kva for tilrettelegging og tilgjenge til utmark og sjø ein bør ha ut frå tettstader og bygder.

## 2.2. Landskapstypar

Landskapsområda kan grupperast i landskapstypar med tilnærma same kjenneteikn. Enkelte landskapstypar kan ein finne att i fleire underregionar og regionar, men det er ofte slik at forekomst og mønster som desse typane representerer, er med på å danne grensene mellom regionar og underegionar. (Typiske eller representative regionale trekk).

Landskapstypane som er representert i Maurangerområdet, er skildra gjennom NIJOS sitt prosjekt med kartlegging av sjønære landskap i Hordaland. Her er fire områda med i typen middels breide fjordløp (Maurangsfjorden, Sunndal, Austrepollen og Nordrepollen), to områder høyrer med til "Breide fjordløp og fjordmøte" (Ænes og Årvikstrand). Skildringane av desse hovudtypane ligg føre som utkast frå NIJOS, sjå vedlegg 2, bak i rapporten.

I tillegg kjem eit landskapsområde (Gjetingsdalen), som er atypisk for bygdene i Kvinnherad og Strandebarm. Dette er ein landbrukssprega sørvestvend hengjedal ut mot Hardangerfjorden, med ein landskapstype som oftare førekjem i skogs- og stølsområda i naboregionen; "Dei indre fjordbygdene". Gjetingsdalen er difor gitt ein meir detaljert omtale i analysedelen.

## 2.3. Landskapsevaluering

Generelt kan ein seie at når ein underregion er vurdert til karakteren A1 (A2), inneber det at ein her finn noko av det ypparste landskapet innan tilhøyrande region. I dette tilfellet er det regionen kalla dei "Midtre bygdene på Vestlandet" vi snakkar om. Dette er del av eit vidgjete "nasjonal-landskap" som er med å gje Noreg som nasjon identitet og særpreg.

Landskapsanalysen viser at fire av dei sju landskapsområda har fått karakteren B1. Dvs. at områda Ænes, hovudløpet av Maurangerfjorden, Nordrepollen og området nord for Maurangs-neset mot Gaussvik har typiske trekk, med natur- og kulturlandskap som er på det jamne for underregionen (som har karakteren A1-A2). Karakteren B1 er ikkje i nokon samanheng ein dårleg karakter, men dannar utgangspunkt for evalueringa i kvar underregion, utifrå det som der karakteristisk, jamnt/tyrisk eller vanleg undersøkingsområdet. Men, det vil og seie at når ein i ein slik region med landskapskvalitetar på nasjonalt nivå, finn eit fjordlandskap klassifisert til B1, så snakkar vi om særpreg, mangfald og inntrykksstyrke av høg verdi!

To område har fått karakteren A2, her er det spesielt kulturlandskap, heilskap og inntrykks-styrken knytt til spennet mellom fjorden og kontakta med Folgefonna som gjer utslag for Sunndalen og Gjetingsdalen. Eitt område har fått karakteren B2, og det gjeld Austrepollen, som i forhold til underregionen er noko mindre mangfaldig. I tillegg er her mange store og uheldige inngrep i natur- og kulturlandskapet. Her er det menneskeskapt aktivitet som i hovudsak fører til lågare verdi, og det betyr at ein lettare kan gå inn med avbøtande tiltak, dersom ein ynskjer å oppgradere området i forhold til opplevingskvalitetar.

## 2.4 Kart over landskapsområda med påfølgjande analysar



| | **Ænes landskapsområde (delområde av Sildafjorden)** | **Kor viktig** *** |
|---|---|---|
| **HOVUDFORMA I LANDSKAPET**<br>*Dalmunning med stort innsyn til andre område<br>*Ujamn dalbotn, småskala landskap med mange terrasser<br> | Ænes er eit lite delområde av Sildafjorden, det store landskapsrommet som strekkjer seg frå Maurangerfjorden til Lyngnesstranda og med Varaldsøya på andre sida. Den vesle dalmunninga framfor den høge og smale Ænesdalen har ein dalbotn med svært variert profil med mange terrasser der elva har skore seg ned.<br><br>Frå området kring kyrkja har ein eit stort og vidt utsyn over fjorden mot Varaldsøya og Hissfjorden, og frå neset mot Maurangerfjorden og Kvinnheradsfjorden. Den romlege avgrensinga av området mot aust og vest er mindre tydeleg, her er det glidande overgangar i skogkledde lier og der ein har stort innsyn inn i andre område. | **<br>B1 |
| **SMÅFORMER I LANDSKAPET**<br>*Mektige lausmassar<br>*Store terrasser<br>*Småskala landskap med stor variasjon, rik på kontrastar<br> | Store lausmassar av både breelv- og elveavsetjingar og morene i mektige lag. Morene- og grusterassar, forma av elva sine mange løp er karakteristisk for Ænes. Området har og myrdanning i skogen innover mot dalen og ei elveøyr som er mykje nedbygd. Sjølve Æneset og Ænestangen har mykje grov morene og fjell i dagen.<br><br>Dette gjev eit vekslande og småskala landskap med mange små rom og lite oversikt. Området er slik rikt på kontrastar mellom tronge elvedalar, tett skog og opne terrasser. | ***<br>A2 |
| **VATN OG VASSDRAG**<br>* Variert elveløp<br>*Strandlina mykje nedbygd<br>*Lakseelv<br> | Æneselva har forma heile dalen innanfor, og avsetjingane frå avsmeltinga og fram til i dag er forma av henne. No renn ho djupt i det tresette elveløpet, og gjer slik lite av seg før ein kjem nær på. Elveøyra har mange gamle løp. Svaberg på Æneset og strand ved småbåthamna innanfor eigna for bading.<br><br>Æneselva er kjend lakseelv. Andre elver/bekkar gjer lite av seg. | **<br>B1 |
| **2.4. VEGETASJO N**<br>*Stort artsmangfald frå storskog av gran og furu, myr, edel-lauvskog og sumpvegetasjon<br> | Dette området er variert med store kontrastar og artsmangfald frå eit småskala landskapsrom til neste. Her er storskog med gran og furu, myrar, dels også tresett, elveløp med oreskog, sumpvegetasjon, elveterasser med beitepreg, hamnehagar med svartor og edellauvskog.<br><br>Skogen dannar eit spesielt kontrastrik og inntrykksterk overgang mellom dei grøne bøane ved fjorden til det karrige, alpine landskapet innunder Folgefonna. Desse nasjonalt viktige verdiane for naturmiljø og landskapsbilde (jfr. formål med opprettinga av nasjonalparken), fordrar omsynsfull bruk/skjøtsel og godt tilpassa arealbruk (utforming og omfang av hogst og andre inngrep). | **<br>A2 |
| **JORDBRUKS-MARK**<br>*Grønt og frodig preg, mest grasproduksjon<br>*Lite beitedyr, ein del attgroing<br> | Området er frodig, men med lokalklima som er mindre eigna for hagebruk og fruktdyrking. Her er mest grovforproduksjon, men etterkvart lite husdyr, slik at beitemark og randsoner, som t.d. skråningane mellom dei ulike terrassane og områda ned mot sjølve elvedalen gror att.<br><br>Det opne kulturlandskapet gjev utsyn til fjorden, og skapar kontrastar i fargar og tekstur til skogområda. Jordbruksmarka er ein av hovudkomponentane som skil mot andre delområde utan eller med lite samanhengande jordbruk.<br><br>Granskogen dannar eit samanhengande skogsbelte på moreneavsetjingane og eit stykke opp i lia. Enkelte myrar er oppdyrka i skogen inn mot dalen. | ***<br>B1 |

<table>
<tr>
<td>BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG<br>*Gamal steinkyrkje<br>*Gamle bygningar langs fjorden/elva<br>*Næringsområde av vekslande kvalitet, mykje skjult av skogen<br>*Turistanlegg godt tilpassa landskapet<br></td>
<td>Området er rikt på kulturminne knytt til gardane og Æneskyrkja og til både eldre og nyare småindustri langsmed elva. Kyrkja ligg vakkert og ope til mellom dei større gardane, medan nyare bustadfelt er trekt vekk frå terrassane, og glir godt inn i lia ned mot fjorden.<br><br>Ulike elveløp, og delar av øyra og strandlina er nytta til kraftproduksjon, mølle og sagbruk gjennom lange tider: Her er og både nye og gamle naust, brygger, kaianlegg og bustadhus (sjøhus) langs stranda. Lakseparken ligg godt skjult i skogen langsmed elva, det same gjeld mesteparten av bygningane knytt til sagbruk o.l. industri.<br><br>Unntaket er anleggsområdet ved elveøyra der den saga ligg, her er det i liten grad vist omsyn til landskapsverdiane. Tett ved ligg t.d. vakre gamle hus og hagar, og på terrassen ovanfor finn vi den nyrestaurerte campingplassen med utsyn over både fjorden, dei nye husa i fjøresteinane (av sjøhustypen) og industriområdet.</td>
<td>**<br><br>B1</td>
</tr>
<tr>
<td>LANDSKAPS-KARAKTER<br>*Vidt utsyn over breitt fjordløp<br>*Variert og småskala landskap med mange små ”rom”<br>*Vekslande strand-linje, noko nedbygd og med variert bruk<br>*Innfallsport til nasjonalpark (verdifull gradient fjord-dal-fjell)<br><br>B1<br></td>
<td colspan="2">Området vekslar mellom stor utsikt frå terrassane ved Æneskyrkja, til mange og små landskapsrom mellom høge lauvtre, hogstmogen skog av planta gran, lauvskogrike elvedalar og små viker med open furuskog og skrinnare vegetasjonsdekke, og med naust og bustadfelt.<br><br>Det relativt vesle landskapsområdet er prega av stor variasjon med mange fine idyllar, i eit uvanleg uoversiktleg og småskala landskapsrom samanlikna med resten av underregionen. Den samanhengande jordbruksmarka kring kyrkja skapar store og lyse rom med vid utsikt over fjorden, slik at området blir rikt på kontrastar og får identitet som landbruksbygd.<br><br>Strandlinja er variert, men noko nedbygd. Her er mange eldre og nyare kultur-minne knytt til bruken av elva og fjorden, og fleire anlegg legg til rette for oppleving og rekreasjon basert på dei same gamle ressursane.</td>
</tr>
</table>



Utsikt frå Ænes camping Foto: HL



Moderne sjøhus/bustadhus Foto:HL

Duskregnet kjem sigande og med det, det typiske blå lyset over Hardangerfjorden. Nedanfor campingplassen har også dei fastbuande funne attraktive bustadtomter tufta på gamal tradisjon, med naust og hus i same bygg. Slik som vi finn eksempel på i Nordrepollen, inst i Maurangs-fjorden. Enno er områda prega av at ein er midt i byggeperioden, men etterkvart som områda gror til, vil dette miljøet framstå som opplevingsrikt, variert og heilskapleg. Dette er god løysing som sparar mykje areal, dersom ein samstundes klarar å sikre ålmenn ferdsel i strandsona.



Frå kyrkja innover mot Ænesdalen. Foto: HL



Ænes kyrkje med på den beste jorda og med god utsikt over fjorden Foto: AH

Skogen dannar eit spesielt kontrastrik og inntrykksterk overgang mellom dei grøne bøane ved fjorden, gjennom den frodige Ænesdalen til det karrige, alpine landskapet innunder Folgefonna. Å oppretthalde desse nasjonalt viktige verdiane (jfr. formåla med opprettinga av Folgefonna nasjonalpark), fordrar omsynsfull bruk/skjøtsel og god tilpassing av arealbruk/nye inngrep. På bildet nedanfor ser vi Ænes med Ænes kyrkje, det opne jordbrukslandskapet på terrassane kring kyrkja og småindustrien på fyllingar der elva munnar ut i fjorden



Området kring Ænes kyrkje er prega av den gamle gardsstrukturen og den opne jordbruksmarka. Foto: AH

Kulturskogen er for det meste større og samanhengande granplantefelt som går heilt ned mot dyrkamarka. Opne felt med oppdyrka myr i bakgrunnen. Ein høgare vegstandard og større trafikk vil påverke landskapsopplevinga av grenda og områda innetter dalen i stor grad, både visuelt, når det gjeld støy og kva for ro og verdigheit ein vil oppleve at området kring mellomalderkyrkja har og har hatt.



Ænestangen med naust og småbåthamn. Foto: AH
Bustadfelt i bakgrunnen.



Ænestangen sett frå fjorden. Foto: HL

I mellom kyrkja, gardane og stranda ligg elva i den djupe elvedalen som ein barriere. Hovudvegen har etterkvart også fått ein slik barrierefunksjon. Dei mange små landskapsromma er ofte avgrensa av område med høgvoksen granskog og tett krattvegetasjon som vekslar med forekomstar av store, varmekjære lauvtre. Dette gjer at lukka delar av området kan absorbere mange små inngrep og bruksendringar utan at sjølve hovudinntrykket (landskapskarakteren) av området endrast vesentleg.



Frå terrassane der mellomalderkyrkja og dei største gardane ligg, har ein stor og vid utsikt over fjorden, men ser ikkje ned på sjølve stranda. Foto: HL

Den visuelt sett mest sårbare området er det opne kulturlandskapet kring kyrkja. Dette er også eit historisk viktig område, med mange fornminne og ei kyrkje frå mellomalderen. Her kan sjølv små tiltak endre hovudinntrykket av kulturlandskapet – og opplevinga av kyrkja som del av dette landskapet. Ei opprydding av lågspentnettet kring kyrkja ville vore eit positivt tiltak.

| | **Maurangerfjorden landskapsområde** | **Kor viktig** <br>*** |
|---|---|---|
| **HOVUDFORMA I LANDSKAPET**<br>* Austvendt, einsarta, trongt fjordløp<br>* Ujamne fjellsider, nordsida slakare og lågare enn sørsida<br> | Den smale Maurangerfjorden strekkjer seg aust/nord-austover frå Sildafjorden rett inn mot Folgefonna. Fjellsidene er bratte og jamne innetter mot fjorddelet mellom Nordrepollen og Austrepollen. Men nordsida av fjorden er slakare og lågare enn sørsida. Frå nordsida har ein enkelte stader flott utsikt mot Folgefonna og breane der. (Store kontrastar til høgfjellsregionen, og det spesielle lyset over fonna).<br>Austrepollen er smalaste del av fjordløpet og endar i ein liten, trong og flat dalbotn, denne er difor teken ut som eit eige område. Dei grøderike sidedalane ved Ænes og Sunndal er og skilde ut som eigne landskapsområde. | ***<br>**B**<br>**2** |
| **SMÅFORMER I LANDSKAPET**<br>*Sva og bart fjell i nordsida<br>* Mykje skred-material i sørsida<br> | Einsarta område med sva og mykje bart fjell i nordsida. Maurangsneset har vakre svaberg av mange typar, der slake sva vekslar med oppbrotne bergformasjonar med småkløfter og småstupsom går rett i sjøen.<br><br>Meir skredmateriale, med rasvifter og samanhengande ur langs sørsida. Avsetjingane er også mektigare her.<br>Morene i noko mektigare lag i små viker og også på enkelte små nes. | *<br>**B1** |
| **VATN OG VASSDRAG**<br>* Elver med stor vassføring<br>* foss som pregar landskapsbildet<br> | Nordsida er turrare enn på sørsida og vass-strengene her er mindre synlege. Furebergfossen på sørsida av fjorden gjer mykje av seg både frå fjorden og vegen, som blir overspruta når vassføringa er stor. Andre elver gjer lite av seg. Strandlinja er mykje intakt, av di vegen er skoten ut og delar av den går i mindre tunnelar. | **<br>**B1** |
| **VEGETASJON**<br>* Variert og rikt vegetasjon, frå karrige grusvifter til frodig lauvskog<br> | Hovudinntrykket er eit relativt einsarta vegetasjonsbilde, med skogkledde raslier utan særlege inngrep, busetnad ell. Enkelte stader er det likevel svært artsrikt og frodig, og ofte med store kontrastar til kringliggjande område. Maurangsneset er eit eks. Her er både frodig edellauvskog og karrige rabbar med lysopen furuskog. Barskog prega av hogst er det og i nordsida. Ved Ekenes veks i tillegg til eika, også andre varmekjære lauvtre i dei tettgrodde liene. På sørsida av fjorden finn vi og lommer med frodiggrøne lier på god morenejord. | **<br>**B1** |
| **JORDBRUKS-MARK**<br>* Få område med jordbruk, dei fleste bruka ute av drift<br>* Attgroing i utkantane men og veldrevne gardar<br> | Maurangerfjorden er like smal som indre delar av Sørfjorden (andre sida av Fonna), men med brattare lier og langt mindre høve for jordbruk og busetnad langs strendene.<br>Nordsida er noko lågare og med meir ope skog og fjell i dagen. Sørsida har meir friskfuktige skyggelier, høgare, brattare og med meir rik lauv/barskog. Fjordløpet har lite jordbruk, med unntak av nokre får nes og viker med mesteparten gamalt kulturlandskap. Maurangsneset har i denne samanheng einestående kvalitetar og er ein liten idyll slik det ligg i dag. Frodige enger, slåttemark og hagemark med trekrullar vekslar med open beitemark. Ekenes ligg brattare til og med meir beitemark prega av attgroing. Tveitnes har og små bruk der jorda er i drift. | **<br><br>**A2** |

| | | |
|---|---|---|
| **BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG**<br>* Kraftgater/linje-spenn over fjorden<br>* Kraftutbygging/ vegbygging med store tippar.<br>*Små grender med ujamn byggestil og Noko forfall<br>*Eldre busetnad m/tradisjonsrike, velhaldne trehus<br>*Fleire oppdretts-anleg inn etter fjorden<br> | Hovudvegen Odda-Bergen pregar, saman med kraftlinene frå Austrepollen utetter til Sunndal og spennet over fjorden, fjordlandskapet meir enn busetnaden. I tillegg gjer den lite tilpassa og svært grovt utforma vegen på Maurangsneset mykje av seg.<br><br>Dette landskapsområdet har i dag lite busetnad langs sjølve hovud-fjorden, men slik var det og i tidlegare tider. Her er få og små område som det i det heile går an å klore seg fast på. Fleire gode og tradisjonelle bygningsmiljø finst likevel, sjølv om mykje er fråflytta. Dette er viktige kulturlandskapsområde, sjølv om dei gjer lite av seg.<br><br>Ekenes er eks. på eit tradisjonelt bygningsmiljø, der lokalbåten tidlegare la til og der ein framleis har eit eldre naustmiljø også utetter fjorden. No er det oppdrettsanlegg som har teke over for fjordfisket, og anlegg finst i fleire viker utetter, på båe sider av fjorden. | **<br><br>**B1** |
| **LANDSKAPS-KARAKTER**<br>*Rettlinja fjordløp in mot Folgefonna med jamne, bratte skogkledd lier.<br>*Nordsida noko lågare og med skrinnare vege-tasjon enn sørsida<br>* Rel. intakt strandline med få, og små grender<br>*Ny veg med sterk linjeføring/ store skjeringar.<br>*Kraftgater/linje-spenn over fjorden<br>* Busetnad av veksland og noko tilfeldig kvalite<br><br>**B1**<br> | Heilskapleg, men lite variert fjordløp. Sterk kontrast til høgfjellsregionen med Folgefonna (fjernverknad) særleg gjer seg gjeldande frå fjorden eller den mindre tilgjengelege og lite trafikkerte nordsida av fjorden.<br><br>Landskapsrommet er dominert av det rettelinja, jamne og relativt tronge fjordløpet som skjer seg inn frå Hardangerfjorden mot Folgefonna. Maurangerfjorden er like smal som indre delar av Sørfjorden (andre sida av Fonna), men med brattare lier og langt mindre høve for jordbruk og busetnad langs strendene.<br>Nordsida er noko lågare og med meir ope skog og fjell i dagen. Sørsida har meir friskfuktige skyggelier, høgare, brattare og med meir rik lauv/barskog.<br><br>Kraftlinene og vegen dominerer inntrykket av eit område som få har satsa på dei seinare tiåra, med unntak av kraftverka. Nyvegen er utforma for god gjennomfart, men med avstikkarar til område som har potensiale for fritidsopplevingar, særleg knytt til fjorden. Hyttenaustbygginga understrekar dette.<br><br>Enkelte små perler av gamal busetnad og kulturmark langs fjorden understrekar dei store kontrastane til dei bratte fjellsidene. | |





Frå Krokar mot vest Foto: HL

Frå Ænes mot aust Foto: HL





Furubergfossen Foto: AH

Ekenes med det gamle naustmiljøet Foto: AH

Sørsida er noko brattare og har meir lausmassar og frodigare vegetasjon enn nordsida. Tveitnes og Furuberg stikk ut i fjorden mot det låge Maurangsneset som strekkjer seg ut i fjorden og dannar ei forsiktig grense mot neste landskapsområde. Maurangerfjorden har eit svært rettlinja fjordløp in mot Folgefonna med jamne, bratte skogkledde lier.

Hovudvegen ber preg av den nye tida og er bygd for (gjennom)fart, anten han går gjennom høge skjeringar, i tunnelar eller lågt attmed fjorden. Inst i fjorden blir det sett opp rekkjer av moderne hyttenaust på dei store fyllingane. Fyllingane, som er tilsådde, ligg i Austrepollen landskapsområde, men påverkar likevel landskapsopplevinga i store delar av fjorden. Inngrepa er mest synlege frå fjorden, som ikkje lenger er hovudfartsåre. Det var den derimot den tida dei gamle busetnadane vart grunnlagt, på små nes og i viker innover.





Oppdrett i Skotbergsvika Foto: AH

Gamle naustmiljø vest for Ekenes Foto: HL

No er det mest skjell- og lakseoppdrett som fangar auga her. Dei fleste ligg i dei opne vikene på nordsida. I tillegg gjer den nye skogsbilvegen mot Maurangsneset mykje av seg, med brutale skjeringar utan omsyn til landskap og estetikk.



Maurangsnes mot aust Foto: AH



Heilskapleg kulturmiljø Foto AH



Naustmiljø med Eik i bakgrunnen Foto: HL



Floren og gamal slåttemark Foto HL



Foto HL

Maurangsneset er eit spesielt variert område med gamle og verdifulle kulturlandmarkstypar. Gamle slåttenger og hagemarkstypar mellom store styvingstre av eik, ask, alm og lind. Området er verdifullt både når det gjeld biologisk mangfald, som referanseområde for kulturlandskap og som rekreasjonsområde. Spesielt på sommaren er båtfolket glad i å gå i land her. Området er i privat eige og det er viktig å finne gode måtar å styre ferdselen på.

| | **Sunndal landskapsområde** | **Kor viktig** *** |
| --- | --- | --- |
| **HOVUDFORMA I LANDSKAPET**<br>* Klart avgrensa u-dal som munnar ut i ope fjordmøte<br>*Bondhusbreen og Fonna dannar bakveggen i området innanfor<br> | Bondhusdalen er ei mellomform, forma av både elv og bre. Dalen svingar Nord-sør, på tvers av Maurangerfjorden. Ved Sunndal den ut i Maurangerfjorden vis a vis Nordrepollen. Den forholdsvis vide dalmunningen med skiftevis skrånande eller terrassert dalbotn har inga klar avgrensing mot nord, men blir del av eit fjordmøte. Delområdet er avgrensa i sør ved dei store terrassane med breelveavsetning nedanfor Nornskarhaugen. Her mister ein kontakt med fjorden og dalen får eit meir innestengt og alpint preg. | ***<br>**A2** |
| **SMÅFORMER I LANDSKAPET**<br>*** Samanhengande ure og skredvifter langs båe sider av dalen**<br>*Smal, vekslande dalbotn med fleire daltrinn<br> | Samanhengande og mektige urer på båe sider, mykje tilgrodd med lauvskog. Store område med aktive urer, sva og fjell i dagen der snøskreda brukar gå. Dalbotnen er smal og elva jamt skrånande, men ho grev seg gjennom fleire tydelege trinn/terrassar med breelv- og elveavsetningar. Stadvis morene i tjukke og tynnare lag også med fjell i dagen. | ***<br>**B1** |
| **VATN OG VASSDRAG**<br>* Lita elv som renn i småstryk og fleire parallelle elveløp<br>*Bekkane gjer lite av seg<br>* Stranda tilrette-lagd for båt og bading<br> | Øvst i dalen renn elva jamt og rett fram i småstryk midt i den smale dalbotnen, nedst går ho i meandrar og dannar fleire løp som er utnytta i samband med smoltproduksjon. Bekkar i dalsidene gjer lite av seg. Strandsona har mange båtdrag og naust. Området ved campingplassen til dampskipskaia er mykje nytta og tilrettelagd for småbåt og rekreasjon. | **<br>**B1** |
| **VEGETASJON**<br>*Frodig og grøn dalmunning<br>*Høge og bratte raslier med skog i ulike stadium pga. skred<br> | Sunndalen er grøn og relativt frodig, men får tilført mykje kald luft frå breen. Her er eit ope kulturlandskap, utan mykje randvegetasjon mellom eigedomane. Dei høge og svært bratte rasliene er aktive, og skredene kjem heilt ned i dalbotnen. Skogen etablerer seg seint, men stadig betre der rasa går sjeldan. | **<br>**B1** |

| | | |
|---|---|---|
| **JORDBRUKS-<br>MARK**<br>* Veldrivne gardar<br>*Samanhengande jordbruksareal med fôrproduksjon<br>*Lite beitemark, noko attgroing<br> | Jordsmonn og lokalklima gjer dalen mest eigna for sau og mjølkebruk. Dalbotnen er oppdyrka med frodiggrøne enger heilt inntil og mellom tuna. Jordbruksareala er relativt store og samanhengande, noko som er med å gje området eit ope, frodig og heilskapleg særpreg. Nydyrking på terrassane inst i dalen har rasførebyggjing, men både dette og bakkeplaneringa i dalmunningen er tilpassa kulturlandskapet. Det er få rassikre utmarksområde, og desse er beita av både sau og storfe. Likevel gror det vesle som er att av hagemarkskog og einerbakkar til. Få styvingstre og andre spor etter eldre landbruksdrift. | ***<br>**A2** |
| **BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG**<br>* Velstelte gardar godt samla<br>*Samanhengande jordbruksområde<br>*Smoltanlegg som ikkje dominerer landskapetsbildet<br> | Dei velstelte gardane har relativ opne tun, og dei fleste ligg godt samla i eit par klynger. Smoltanlegget ligg lågt i landskapet og er forholdsvis godt tilpassa elvelaupet. Anlegget har mange kummar/damanlegg og rørgater, men det meste ligg i omkransa av skog og kratt langsmed elva. Anlegget påverkar ikkje landskapsbildet i særleg grad. Dampskipskaia, butikken og hotellet i sveitserstil dannar eit vakkert, intimt og tradisjonsrikt bygningsmiljø. Andre bygningar knytt til service-/ camping er av nyare dato, men med berre 1 etasje glir også desse bra inn i miljøet. To overføringsliner strekker seg tvers over dalen og vidare over fjorden. | **<br>**B1** |
| **LANDSKAPS-<br>KARAKTER**<br>* Utsikt mot Fonna og den kjende, blå Bondhusbreen<br>*Fjordmøte<br>*Heilskapleg og samanhengjande jordbruksområde<br>*Dominerande kraftgater<br>**A2**<br> | Utsikt til blåisen i Bondhusbreen med Folgefonna i landskapsområdet bakanfor, og fjorden som delar seg utanfor, gjer området ope med store kontrastar. Det spesielle lyset frå breen og den opne fjorden gjev Sunndalen både høg inntrykksstyrke og intensitet. Det enkle, men heilskaplege kulturlandskapet med dei grøne, samanhengande jordbruksområda i dalbotnen forsterkar dette inntrykket ytterlegare.<br><br>Nyvegen legg fint i landskapet her, og etterkvart som dei store skjeringane blir sådd til, vil også opplevinga frå vegen vere fin. Kraftgatene spenner tvers over dalen, og spennet (300 Kw) over fjorden er eit blikkfang som bryt dette heilskaplege inntrykket. | |


Klyngetunliknande busetnad Foto: HL



Lite, intimt og sjarmerande kaiområde Foto: HL



Sunndal med Bondhusbreen i bakgrunnen Foto: AH

Sunndal har mykje av det som vi trur er typisk for Hardangerbygdene, grøne bøar, dramatisk landskap, små kvite trehus i sveitserstil og kontakt med breen. Faktum er at det er svært få tettstader som ligg ved fjorden innunder Folgefonna og som har direktekontakt med breen - og blåisen - slik som her. I tillegg ligg Sunndal ved eit fjorddele, slik at ein her får større himmel og meir sol enn mange andre bygder. Og landhandelen på kaia er i drift framleis!

Foto: HL





Sunndal sentrum med campingplass, smoltanlegg langsmed elva, og skulen i bakgrunnen. Foto: HL



Sunndal med campingplassen nede ved fjorden, butikk og triveleg kaimiljø. Foto: HL



Rasutsett beitemark ovanfor Sundal gard blir eit fint turområde med litt tilrettelegging. Foto: HL



Hagemark med gamle styvingstre er viktig for biologisk mangfald og rekreasjon. Foto: HL

Smoltanlegget ligg etter storleiken godt tilbaketrekt nede ved elva. Her er laks i elva og turistane, som gjerne kjem for å fiske, har funne seg godt tilrette nede ved fjorden og i dei store campinghyttene langsmed elva.



Ras-sikkert beiteområde på Hellesneset med tomter for hyttenaust på vegfyllinga Foto: HL



Dyrka mark, naustmiljø og badeplass. Den gamle dampskipskaia i bakgrunnen Foto: HL

Det solrike kaiområdet (sjå også bildet på førre side) med gamlehotellet og nausta, har høge kvalitetar, både som historisk bygningsmiljø og som bumiljø i dag. Kanskje fordi det ikkje vart fornya på 70-talet, då mange tilsvarande bygningsmiljø gjekk tapt.

Utmarka mot fjellet/Bondhusbreen og beitemarka ovanfor gardane har viktige beiteressursar. Samstundes er både landbruksområda og utmarka populære nærturområde for både lokal-befolkning og tilreisande. Med enkle grep som ordna parkering, skilt, grinder/gjerdeklyvarar og andre tiltak, kan ein styre ferdselen på ein god måte. Sundal bør vere ein sterk kandidat til slike tilskotsordningar som stimulerer til friluftsliv og styrer ferdselen gjennom landbruksområda.

| | Austrepollen landskapsområde | Kor viktig *** |
|---|---|---|
| **HOVUDFORMA I LANDSKAPET**<br>*Austvend og trong fjordbotn<br>*liten dalbotn med bratte lier og skar<br>* vekslande himmel-rand<br> | Maurangerfjorden delar seg mot Nordrepollen og Austrepollen. Austrepollen har ei ope grense i fjorddelet. Den vesle, tronge dalbotnen går rett over i tresette raslier med grove urer og djupe skar,  opp mot ei vekslande og småtakkut himmelrand 1000 -1100 meter over havet. Området strekkjer seg innover mot Folgefonna, men breen og høgfjellsområda er ikkje synlege frå dalen. | ***<br>**B1** |
| **SMÅFORMER I LANDSKAPET**<br>*Samanhengande område med ur og skredvifter som dominerer<br>*Terrassar i sørsida<br> | Liene har samanhengande område med skredvifter og grove urer som dominerer landskapsbildet, og då særleg inst i dalen. Morene og godt synlege breelvterasser i dalmunninga på sørsida. Austrepollelva sine avsetningar er mykje oppdyrka. Formene er ofte lite synlege og går mykje i kvarandre pga. at avsetjingane er tresette/skogkledde. | **<br>**B1** |
| **VATN OG VASSDRAG**<br>* Fossen er turr- lagd og elva i dalbotnen kanalisert<br>*Lite intakt strandline<br> | Austrepollelva er regulert og kanalen har mange små tersklar. Sundefossen inst i dalen er turrlagd. Bekkane er lite synlege i dei skogkledde liene. Elveøyra er mykje endra og lite av strandlinja er intakt. Kanal ut frå kraftstasjonen inne i fjellet renn i eit rett løp ut i fjorden nedanfor Gjerde. | **<br>**B2** |
| **VEGETASJON**<br>*Samanhengande, men variert skogbilde<br>*Varmekjære lauv-tre i sørvende lier<br> | Samanhengande, men noko variert skogbilde frå varmekjær lauvskog i dalsida mot Nordrepollen til meir karrig og open tresetting i skredene inni dalen. Innslag av turre, blokkrike moar og turrbakkar på breelv-avsetjingane. På elvesletta små klynger eller enkeltståande store tre. Elveøyrane er fylt ut og veks no til med litt tett kratt. | **<br>**B1** |
| **JORDBRUKS-MARK**<br>* Få gardsbruk<br>* Noko attgroing,  men og veldrivne gardar<br> | Få gardsbruk, ikkje alle i drift. Dei nye fyllingane langs med den kanaliserte elva og kanalen som kjem ut frå kraftstasjonen inne i fjellet er oppdyrka. Restar av eldre kulturmark med frodige enger, slåttemark og hagemark med trekrullar, vekslar med open beitemark. Ein del attgroing, men innslag av gamle kulturlandskapstypar som einerbakkar og beite, særleg i nordsida kring Gjerde. | *<br>**B2** |

| | | |
|---|---|---|
| **BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG**<br>* Kraftutbygging og veganlegg dominerer<br>* Få heilskaplege tun, mange stilbrot<br> | Gjerde er mykje omskapt som følgje av kraft- og tunnelbygging. Busetnaden er samansett, og kan vise fram ei mengd ulike stilar og stilbrot. Elva er kanalisert og tippane med tunnelmasse kjem til å dominere landskapsbildet enno i mange år framover.<br><br>Gamle landskapsinngrep, som rigg/anleggområde og kraftgater/ overføringsliner i samband med kraftutbygging pregar området. Nyvegen med store skjeringar og fleire depot med tunnelmassar like så. Busetnaden nede i dalbotnen er samansett og lite heilskapleg. Enkelte store tuntre og krullar med varmekjære lauvtre i og mellom tuna. Nokre gamle hus, også skilta som freda tun, ligg brutalt inneklemt mellom hovudvegen, nyare driftsbygningar og bustadhus.<br>Strandsona er lite intakt, og pregast av anlegget på den utfylte elveøyra, den store tippen (midletidig) og fyllingane i sørsida, der rekkjer av moderne naust/hyttenaust setjast opp. Uheldige kontrastar og stilbrot, spesielt i dalbotnen, gjev saman med mangel på avbøtande tiltak, eit nokså brutalt inntrykk og dreg ned opplevingsverdien av området. Etterkvart som dei nye (hytte)naustområda gror til vil dette endre seg noko. | **<br>C |
| **LANDSKAPS-KARAKTER**<br>* Dalbotn prega av kraftutbygging og vegbygging<br>* Lite intakt strand-line prega av anleggsområd og hyttnaustrekker<br>* Lite heilskapleg bygningsmiljø med fleire uheldig stilbrot<br>**B2**<br> | Dalbotnen ber preg av å vere eit eldre kraftutbyggingsområde, som kanskje låg så avsides til at ein såg liten grunn til å ta store landskapsomsyn. Den nye tunnelen til Odda har brått gjort Austrepollen til eit langt meir sentralt og kanskje også attraktivt område for busetnad og hyttebygging. Hovudvegen er bygd for høg fart og framført med store skjeringar, men kantane blir etterkvart tilsådd, også nede ved dei moderne (hytte)naustrekkene.<br><br>Gjerde er mykje omskapt som følgje av kraft- og tunnelbygging. Busetnaden er samansett, og kan vise fram ei mengd ulike stilar og stilbrot. Elva er kanalisert og tippane med tunnelmasse kjem til å dominere landskapsbildet enno i mange år framover.<br><br>Med unntak av vegskjeringa og kraftgatene er mange av dei uheldige landskapsinngrepa lite synlege frå sjøen. Indre delar av Maurangerfjorden har truleg stort potensiale for fritidsopplevingar knytt til sjø/båt. | |



Austrepollen mot Gjerde Foto: AH



Tunnelmassane er godt synlege Foto: AH

Gjerde er mykje omskapt som følgje av kraft- og tunnelbygging. Busetnaden er samansett, og kan vise fram ei mengd ulike stilar og stilbrot. Men her er og fleire eldre bygningar, treklynger, gamle tuntre og restar av gamal kulturmark som forankrar staden.



Kamrygg med Gjerde i bakgrunnen Foto: AH
Elva er i ferd med å få frodig randvegetasjon.



Kanalen frå kraftstasjonen Foto: AH
Restar av eldre beitemark og hamnehagar.



Hyttenaust er populære fritidshus Foto: HL



Etterkvart gror anleggsområda til Foto: HL

Elva er kanalisert, og randvegetasjon er i ferd med å etablere seg langs elveleiet. Ei tid var bygdene inst i Maurangerfjorden råvareleverandør av vasskraft, men elles prega av fråflytting. Grenda i Austrepollen ser ut som den har legge i bakevja nokre tiår, inntil den fekk ny aktualitet og verdi som gjennomfartsområde.

Få satsa her før tunnelen til Odda kom, men nyvegen opnar for meir enn berre gjennomfart. Kommunen merkar no etterspurnad etter tomter, frå folk som vil busetje seg innetter fjorden eller som ynskjer å ha husvære for fritidsbruk. Med mykje omtanke og god planlegging kan dette gje Austrepollen høve til å utvikle eit meir heilskapleg og triveleg miljø som framhevar dei kvalitetane som ligg i området og som i dag ikkje blir tekne vare på.



Stangnes på vegen mot Nordrepollen Foto: HL
Kraftlinja ovanfor er nyrydda.



Gamle hus treng omsorg og grannar å tala med.
Det gjer vel i grunnen nye hus også? Foto HL

| | **Nordrepollen landskapsområde** | **Kor viktig** *** |
|---|---|---|
| **HOVUDFORMA I LANDSKAPET**<br>* Nordvend fjordarm dalbotn med to hengande dalar<br>* vekslande himmelrand<br> | Maurangerfjorden delar seg mot Nordrepollen og Austrepollen. Dette landskapsrommet vender nordover og har ei ope grense i fjorddelet mot Austrepollen. Dalbotnen har to hengedalar, med elver som har skore seg litt ned. Fleire daltrinn gjer fjordbotnen open med vekslande himmelrand. | ***<br>**B1** |
| **SMÅFORMER I LANDSKAPET**<br>* Variert, mange ulike former for skredvifter, urer og terrassar<br> | Sva i nordsida, breeroderte u-dalar som nedst går over i elvedalar med v-preg. Breelv- og elveterrassar i dalane med urer og skredvifter langs heile dalsida. Randmorener høgt i dalsida inn mot søraust. Lyse skredstriper i aktive urer og rasvifter. Varierte overgangar mellom terrassane og liene, sva, fjell i dagen, ur og morene. | *<br>**B1** |
| **VATN OG VASSDRAG**<br>* Elver med stor vassføring og fossar som pregar landskapsbildet<br> | Fleire elver med stor vassføring og kvite strenger eller breie kvite fossefall fangar blikket. Elveøyr med naturelge løp og vegetasjon. Strandlinja er intakt, sjølv inne i botnen. | **<br>**B1** |
| **VEGETASJON**<br>* Variert og rikt vegetasjon, frå karrige grusvifter til frodig lauvskog<br> | Svært vekslande vegetasjon med alt frå turre, blokkrike moar og skredvifter øvst i dalane til frodiggrøne lier, grøderike elvesletter med klynger av store tre og tett, varmekjær lauvskog i dei bratte liene ned mot fjorden. Overgangane mellom terrassane og lesidene er variert og byr på mange ulike vegetasjonstypar, frå tørrbakkar og høgstaudeenger til tette, fuktige skogholt. Elveøyrane har både tett kratt og mange ulike treslag langsetter elveløpet. | **<br>**A2** |
| **JORDBRUKS-MARK**<br>* Vekslande og rikt kulturlandskap med tidsdjubde<br>*Attgroing i utkantane, men og veldrevne gardar<br> | Frodig enger, slåttemark og hagemark med trekrullar vekslar med open beitemark. Området langsmed stigen opp til Katturo og Glomdals-skaret har innslag av mange ulike kulturlandskapstypar rike på gamle utmarksstrukturar. Her er som gamle lundar med styvingstre, einer-bakkar og beite med ruvande åleineståande tre. Delar av den frodige innmarka i dalbotnen er prega av attgroing. | **<br>**A2** |

| | | |
|---|---|---|
| **BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG**<br>* Eldre busetnad m/tradisjonsrike og velhaldne trehus<br>* Noko forfall<br> | Eit grustak like ved fossen i Tveitelva på veg opp til Flatebødalen, i enden av fjorden, er ustabilt og rasar konstant, slik at inngrepet dominerer heile dalrommet når ein vender seg mot nord. Busetnaden på Øyre har mange store tuntre og krullar med varmekjære lauvtre i og mellom dei tettbygde, små tuna. Mange fine gamle hus og lafta naust med skifer på taket. Strandsona har mange fine, tradisjonsrike naust og hus, dei fleste med skifertak, fleire er fint restaurerte. Vegen går mykje gjennom tett lauvskog, og er i delar av området trekt vekk frå strand-linja. Strandlinja er for øvrig uvanleg intakt, sett i forhold til resten av regionen der vegen går langsmed slike bratte dalsider mot fjorden. | **<br><br>**B1** |
| **LANDSKAPS-KARAKTER**<br>* Fjordsider m/tett edellauvskog<br>*Foss og grustak<br>* Fjordbotn med rel. op preg<br>* Kulturlandskap m/sto tidsdjubde<br>* Intakt strandline m/fine, eldre hus<br><br>**B1**<br> | Området er typiske for dei indre fjordbygdene, relativt heilskapleg, tette og frodige lier med frodig og varmekjær lauvskog i kontrast til det opne, eldre kulturlandskapet ein møter i dalbotnen ved Flatebø og Øyre. Her er det meir ope av di to dalar møtest.<br><br>Den flotte fossen i Tveitelva er eit blikkfang, men kontrasten til det andre blikkfanget, nemleg grustaket som ligg rett ved sida av, er desto meir brutal. Grustaket bryt med det elles ganske heilskaplege inntrykket av området.<br><br>Strandlina inst i pollen er intakt og dannar i lag med mange fine, eldre hus, naust og hus-naust som framleis er i bruk, eit variert, men samstundes heilskapleg og triveleg miljø. | |



Foto: HL

Frå Tveit med det gamle og harmonisk vekslande kulturlandskapet ser vi over til Flatebø og Øyre som ligg fint til inst i Nordrepollen





Tveitelva med fossen og einebakkane Foto:HL

Tveitelva med fossen – og grustaket Foto: HL





Foss og grustak, blikkfang og uheldig kontrastar AH

Foto: AH Heilskapleg miljø på Øyre





Flatebø med intakte hus-naust Foto: HL

Nyrestaurert hus-naust Foto: HL

Strandlina inst i pollen er intakt og dannar i lag med mange fine, eldre hus, naust og hus-naust, eit variert, men samstundes heilskapleg og triveleg miljø. Det nyrestaurerte hus-naustet på bilda ovanfor er framleis i bruk som bustadhus. Husnaustet er del av ein tradisjon som gjer dei moderne hytte-nausta i granneområdet Austrepollen endå meir forankra.

Fleire av bøndene i bygda er ivrige til å mure med stein. Steingjerdene langsmed vegen og murane til dei nye driftsbygningane på Flatebø er eit svært positivt bidrag til kulturlandskapet og bygningsmiljøet her inne.

| | Gjetingsdalen landskapsområde | Kor viktig *** |
|---|---|---|
| **HOVUDFORMA I LANDSKAPET**<br>*Svakt u-forma hengedal<br>*Skrånande dalbotn<br> | Gjetingsdalen er ein svakt u-forma hengedal med slake sider som munnar ut på nordsida av Maurangerfjorden, om lag midt i det store langstrekte landskapsrommet som denne fjordarmen av Hardangerfjorden utgjer. Høgare delar av dalen har svak amfiform medan dalbotnen har vekslande overgangar mellom fleire terrasser. Romleg sett skil denne seg klart frå omkringliggjande landskapsområde. | ***<br>B2 |
| **SMÅFORMER I LANDSKAPET**<br>*Terrasser<br> | Terrassane er oppdyrka, noko som gjer dei meir synlege. Den flate elvesletta er open og utgjer slik eit blikkfang i dalen. | *<br>B1 |
| **VATN OG VASSDRAG**<br>*Mange småfossar og stryk<br>*Gamalt steinsett løp over elvesletta<br> | Den vesle Dalelva går i mange stryk og små fossar før ho kjem ut på elvesletta der ho går i to løp, kor det vestre er særskilt fint steinsett, der løpet er kanalisert for å få meir dyrka jord. Vidare nedover renn ho i gjennom djupt nedgravne elve- og breelveavsetjingar, før ho gøymer seg i smågjel og rik lauvskog ned mot Maurangerfjorden.<br>Mange småfossar og stryk med kvitt vatn jamt nedetter elvelaupet gjer til at elvesjoget pregar heile landskapsopplevinga samstundes som elva skapar god kontrast til dei frodiggrøne liene og dyrkamarka. Fleire sidebekkar munnar ut i elva, men desse er mindre synlege i den frodige skogen. | *<br>B1 |
| **VEGETASJON**<br>*Vekslande og frodig lauvskog<br>*Fin, open furuskog i silhuett mot fjorden<br> | Ein vekslande og relativt frodig lauvskog omkransar innmarka, meda furua står på dei kringliggjande bergkollene. Særleg blikkfang er den opne furuskogen som står i silhuett mot Maurangerfjorden, på åsryggen og daltrinnet ned mot fjorden. | **<br>B1 |
| **JORDBRUKS-MARK**<br>*Tradisjonsrikt og levande kultur-landskap<br>* Beitelier og frodige enger<br>* Storfe og småfe på beite<br> | Velhaldne brattlendte beitemarker opp mot dei skogkledde liene, og engslått med stor grasproduksjon på terrassane syner at her er det aktivt jordbruk. Sauen utgjer nok hovudtyngda av husdyra. Men mjølkekyr og geiter har også sin plass her i dalen, noko som utvilsamt er viktig for å hindre ytterlegare attgroing av gode beite både av innmark og utmark.<br>Dalen er framleis prega av tradisjonelle haustingsmetodar. Hagemark, einerbakkar, og truleg til dels artsrike turrbakkar ligg i mosaikk med meir opne og trelause enger og kulturbeite. Det heilskapelege inntrykket av tradisjonelt, småskala landbruk pregar heile dalen, med den flate, oppdyrka elvesletta som eit naturleg blikkfang.<br>Mange gamle stuva tre, fleire stader nystuva treslag som bjørk, or og rogn. | ***<br>A2 |

| | | |
|---|---|---|
| **BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG**<br>*Godt samla tun i tradisjonelt kultur-landskap<br>*Eldre, gjennomført byggstil<br>*Spor etter gamle driftsmåtar<br>*Aktiv landsbruksbygd<br> | Spreidde tun med tradisjonelle bygningar og utformingar dominerer. Dei fleste husa har skifertak, enkelte også bølgjeblikk. Ingen moderne typehus finst, noko som i dag må seiast å være uvanlig og som dermed også hever området sin heilskaplege kulturlandskapsverdi i stor grad. Tuna har tettliggjande bygningsmasse som er plassert på mest kvar si oppdyrka terrasse. Terrassane, som ligg i ulike høgder, blir slik ekstra tydelege, og gjer til at gardane ytterlegare blir naturlege blikkfang i landskapet. Tufter etter kvernhus (evt. stem) langs Delelva nordaust for Solli, truleg finst det fleire. Innmarka har mange kulturminne som steinmura driftsvegar, rydningsrøyser og åkerreiner. I lag med jordbruksmarka finn ein og små, eldre løer og vårflor. Ei bygdesag ved Brøtun understrekar kor sjølvhjelpen denne grenda var tidlegare. Frå den eldre fjordgarden Eikenes har grendevegen opp til dalterskelen ei fin, eldre rad med store stabbesteinar. Den vesle grusvegen krunglar seg fint langs vestsida av dalen og svingar innom dei fleste tuna. Løypestreng ovanfor tuna vitnar om tidlegare tiders bruk av utmark og fjell.<br><br>Einaste nyare tekniske anlegg som bryt med det tradisjonelle jordbrukspreget er kraftgata som går i silhuett over åsryggen i aust. | ***<br>A2 |
| **LANDSKAPS-KARAKTER**<br>*Svakt uforma hengedal<br>*Vekslande og frodig lauvskog<br>*Furuskog i silhuett mo fjorden og Bondhusbreen<br>*Tradisjonsrikt kulturlandskap m/sau, geit og storfe på beite<br>*Små tettbygde tun med eldre, heilskapleg byggestil<br>*Mange spor etter gamle driftsmåtar<br>**A2**<br> | Vakker jordbruksgrend som ligg lunt til i ein romlig svakt avgrensa hengande dal på nordsida av Maurangerfjorden. Små, tradisjonelle, tettbygde tun ligg spreidd på ulike daltrinn. Skiferlagde tak dominerer, enkelte uthus har bølgjeblikk. Indre deler av jordbruksgrenda har fin amfiform. Elva renn i stryk og småfossar gjennom dalen. Frå øvre delar av grenda, særlig på vestsida, har ein godt utsyn til Folgefonna med bl.a. Bondhusbreen i aust.<br><br>Frodig lauvskog og påfallande mange unge styvingistre innrammar dyrkamarka. Stort sett velhalden innmark med eng og beiter. Brattlendte til middels slake areal er mest vanleg, men det som fangar blikket er likevel den oppdyrka og flate elvesletta der den fint steinsette Dalelva renner gjennom. Elvesuset vekslar i styrke etter som ein beveger seg gjennom dalen, og i denne vesle dalen blir dette lydbildet ein vesentleg del av landskapsopplevinga.<br><br>Hagemark, einerbakkar og truleg til dels artsrike turrbakker ligger i mosaikk med meir opne, trelause enger og kulturbeite. Sau, geit og storfe beiter i dalen. | |



Storslått utsikt frå Gjetingsdalen mot Folgefonna og Bondhusbreen Foto: HL



Gjetingsdalen sett frå dei øvste gardane Foto: HL

Gjetingsdalen er ei heilskapleg jordbruksgrend med drifts- og våningshus typisk for epoken 1900-1950. Bygningane på tuna ligg godt samla på ulike daltrinn og innmarksstrukturen er representativ for jordbruksgrender etter innmarks-utskiftningane frå 1860-1920, men her finst og eldre kulturminne.


Gjetingsdalen  og Eikenes Foto: HL


Bygdesag i Gjetingsdalen Foto: HL


Nausta for Eikenes og Gjetingsdalen Foto: HL

Gjetingsdalen sine fremste  landskapskvalitetar ligger i fråværet av nyare, ikkje stadstilpassa bygningsmasse og forholdsvis god drift av fleire ulike kulturmarkstypar. Området sin verdi aukar ytterlegare når ein ser det i samanheng med fjordgarden Eikenes og naustmiljøet nede ved fjorden. Nasjonalt sett dannar desse to delområda ein samanhengande heilskap med kulturlandskapskvalitetar godt over eit nasjonalt gjennomsnitt.

Gjetingsdalen er og representativ for dei tradisjonelle jordbruksgrendene i landskapsregion 22, Midtre bygder på Vestlandet. Lokalt er utforminga sjeldan, då dei fleste jordbruksbygdene i Kvinnherad og Strandebarm ligg attmed fjorden.

Kvalitetane i området er sårbare for nye inngrep som kan endre landskapskarakter og inntrykksstyrke. På sikt vil Gjetingsdalen i lag med fjordgarden og nausta nede ved fjorden kunne ha eit potensiale for både opplevingsbasert reiseliv og ein svært sannsynlig landskapsøkologisk virkemiddelbruk i ein allereie iverksett nasjonal jordbrukspolitikk.

Området er har eit heilskapleg jordbrukspreg og kvalitetane i kulturlandskapet gjer at Gjetingsdalen i ein slik samanheng vil ha store fortrinn framfor mange av dei andre jordbruksgrendene langs Maurangerfjorden og i Hardanger elles. Ein føresetnad for å at ein skal nå opp i denne samanheng er truleg at ein i mellomtida hegnar om desse kvalitetane og framleis klarar å oppretthalde den tradisjonelle drifta.

| | **Årvikstrand* landskapsområde** | **Kor viktig** *** |
|---|---|---|
| **HOVUDFORMA I LANDSKAPET**<br>* Vestvend svakt skrånande liside mot Varaldsøya<br>* Opne grense mot fjorddele mot sør vest og nord<br>* Utsyn mot Folgefonna<br> | Stort og breitt fjordløp som går nord-sør. Området mellom Maurangsneset og Hamaren, nord for Årvikstrand er ei vestvend skrånande skogledd li ut mot Sildefjorden, og med Varaldsøya midt i mot. Maurangsneset dannar ein låg vegg mot Maurangerfjorden i sør. Herfrå går ei jamn, svakt bølgjande strandlinje som vekslar mellom små viker med smale strender og oddar med grov stein og svaberg.<br><br>Opne grense mot fjorddele mot både nord og sør. Sildafjorden går over i den breie Hissfjorden i nord. I sørvest stort innsyn over hovudløpet til Hardangerfjorden like til Stord. Mange blånar av låge, bølgjande åsar mot vest. Storslått utsyn mot Folgefonna frå Varaldsøya, men austre delen av øya er lite tilgjengeleg. | ***<br>**B1** |
| **SMÅFORMER I LANDSKAPET**<br>* Vakre svaberg med store variasjon<br>* Strender med grov sand eller stor stein<br>* Særprega rullesteinsstrand<br> | Maurangsneset har vakre svaberg av mange typar, der slake sva vekslar med oppbrotne og nesten uframkomelege fjellformasjonar med småkløfter og småstup som går rett i sjøen.<br>Strendene nordetter er for det meste av grov sand eller stein. Men rullesteinsstranda i Tømmervika har jamne, nevestore rullesteinar. Stranda er sjeldan, og verdifull som naturminne og opplevingsressurs. Elles mange små nes med svaberg, oftast med lysopen furuskog.<br>Jamt over skrint jordsmonn og lite lausmassar. Tjukk morene, breelv- og elveavsetjingar berre i enkelte viker, som t.d. Årvika. Ressursane er utnytta, og massetaka er godt synlege. Dei fleste er i bruk, dei færraste er sikra og har elles ingen form for avbøtande tiltak for å hindre innsyn/redusere negativ påverknad på nærmiljøet.<br>Varaldsøya er bratt og lite tilgjengeleg på nordsida. | *<br>**B1** |
| **VATN OG VASSDRAG**<br>*Jamne strandline på båe sider av fjorden<br>*Ingen inngrep i strandsona<br> | Fjorden går her nord-sør, på tvers av hovudløpet til Hardangerfjorden. Hissfjorden og Sildafjorden møtest i nord. Hissfjorden utgjer eitt av dei breiaste partia av Hardangerfjorden.<br><br>Strandlinene er jamne, utan store viker eller nes som stikk ut. Så godt som ingen inngrep i strandsona gjev eit heilskapleg, men lite variert inntrykk.<br><br>Få og små elveløp, som forsvinn i skogen, enkelte små fossefall, gjerne i vikene der massetaka er rett ved sida av elva. | ***<br>**B2** |
| **VEGETASJON**<br>*Lite og skrint jordsmonn<br>*Store område med granskog<br>*Enkelte område med varmekjær lauvskog<br> | Skrint jordsmonn pga. tynt og lite samanhengande morenedekke og lite rasmateriale, noko som gjev furua gode vekstforhold. Større samanhengande område i skuggeliene på fastlandet er planta til med gran. Skogen er i ferd med å bli hogstmoden. Enkelte område har varmekjær lauvskog med store enkeltståande tre.<br><br>Fjellområda er ikkje synfart. | **<br>**A2** |

| | | |
|---|---|---|
| **JORDBRUKS-MARK**<br>* Små viker med aktivt jordbruk<br>* Verdifulle kultur-markstypar på avgrensa område<br>* Skogbruket vesentleg del av primærnæringa<br> | Mange velhaldne gardsbruk i dei små vikene på fastlandssida der morenedekket er tjukkare. Men, her er også mange fråflytta småplasssar som gjer at delar av strekninga er prega av eldre kulturmark i ulike attgroingsfasar og bygningar i forfall.<br><br>Skogbruket blir ein stadig viktigare del av primærnæringane her. Relativt store delar av skogsområda er i ferd med å bli hogsmodne, og skogsdrifta kjem til å påverke området mykje. Særleg vil skogsbilvegane påverke landskapsinntrykket, dersom ein vel å halde fram slik vegbygginga har gått føre seg til no. | *<br>**A2** |
| **BUSETNAD OG TEKNISKE ANLEGG**<br>*Små grender i enkelte viker<br>*Intakt strandline<br>*Eks. på uheldige vegbygging som reduserer opplevinga av området (også fjernverknad)<br>*Få, men godt tilpassa oppdrettsanlegg<br>*Enkelte område har småbruk prega av fråflytting og forfall.<br> | Vegen mellom Kysnes og Maurangsnes ligg nær stranda. Strandlina er likevel ikkje øydelagd i nokon vesentleg grad. Mesteparten av vegen går mykje gjennom skog, og påverkar slik landskapsbildet i mindre grad. Enkelte nyare veganlegg bryt derimot sterkt med det heilskaplege inntrykket av området. Eks på inngrep der utforming og skala er sers dårleg tilpassa landskap og landskapsbilde er vegbygginga i samband med nye hyttefelt, og dei store skjeringane i lys stein i dei skrinne furuberga på Maurangsnes og Årviksnesset.<br><br>Enkelte oppdrettanlegg langsetter fjorden. Dei ligg stort sett godt til i forhold til landskap og ferdsel. Unntak er planar om anlegg i tilknyting til rullesteinsstranda, her bør ein vise varsemd.<br><br>Bygging av bustadhus og hyttefelt er fleire stader i ferd med å redusere opplevingsverdiane av landskapet. Særleg uheldig fell det ut der ein sprenger veg og tomter i skrinn furuskog og over opne bergrabbar.<br><br>Massetak i bratte skråningar nær elveløp og busetnad reduserer opplevingsverdien lokalt. | *<br>B2 |
| **LANDSKAPS-KARAKTER**<br>* Utsikt mot Fonna frå Varaldsøya<br>* Fjordmøte og utsyn langt vestover fjorden<br>* Lite busetnad<br>*Område med uheldige inngrep som veg og hyttebygging<br>**B1**<br> | Fjordstrekninga er relativt heilskapleg med få inngrep og lite busetnad. Ein del attgroing kring fråflytta småplassar gjev området eit isolert preg. Busetnad hovudsakleg i små grender i enkelte viker langsetter dei lange, slake, skogkledde liene med intakt strandlinje.<br><br>Inntrykket av store område med urørt natur er i ferd med å endrast, særleg pga. vegbygging i samband med hyttebygging og skogsdrift.  Desse inngrepa er synlege over lange avstandar og får lett ein meir dominerande verknad, noko som også påverkar andre landskapsområde i negativ retning. | |

* Synfaringa av Årvikstrand gjekk føre seg ein ettermiddag med regnvêr. Varaldsøy er ikkje synfart i samband med denne kartlegginga. Analysen tek i liten grad omsyn til detaljar på denne sida av fjordløpet.



Årvika Foto: AH

Området frå Maurangsneset til forbi Kysnes har jamt over skrint jordsmonn og lite lausmassar. Tjukk morene, breelv- og elveavsetjingar finst berre i enkelte viker, som t.d. her i Årvika. Ressursane er utnytta, og massetaka ofte godt synlege frå vegen og fjorden.  Strekninga har mange fine plassar som er godt eigna for spreidd busetnad.



Knarrvikneset Foto: AH



Knarrvika med svaberg og lita strand Foto: AH



Hyttebygging kan endre eit område Foto: AH



Opparbeiding av bustadtomter likeså Foto: AH



Rullesteinstranda i Tømmervika Foto: HL

Enkelte oppdrettanlegg langsetter fjorden. Dei ligg stort sett greitt til i forhold til landskap og ferdsel. Unntak er anlegg i tilknyting til rullesteinsstranda, her bør ein vise varsemd, både i forhold til stranda og den spesielle førekomsten, men også pga. i forhold til friluftsinteresser.



Fjordlina er oppdyrka der det går an Foto: AH



Lokal næringslivssatsing Foto: AH

Vegbyggingog bygging av bustadhus og hyttefelt er fleire stader i ferd med å endre landskapskarakteren lokalt. Her er mange eksempel på lite tilpassa bygg, både når det gjeld form, skala og plassering i landskapet. Særleg uheldig fell det ut der ein sprenger seg veg i skrinn furuskog og over opne bergrabbar.

## 3. Innspel til kommuneplanarbeidet – tema som gjeld heile området:

Kvinnherad kommune har, i tillegg til den romlege landskapsanalysen, bede om - på generelt gunnlag - å få innspel til tema som er tekne opp i samband med kommuneplanarbeidet, og som også vart nemnde på fleire grendemøte. Underteikna deltok på to av desse møta i samband med feltarbeidet.

Kommentarar som gjeld slike tema er det freista å gi innspel til gjennom bilde og bildetekst for dei ulike områda. Mange tema er av meir generell karakter, og tre-fire av desse er her behandla for seg. Kommentarane er meint som innspel til diskusjon om korleis areal skal forvaltast for framtida. Bildene er gjerne tekne frå ulike delar av landskapsanalysen, for å illustrere allmengyldige problemstillingar.

Grunnlaget for analysen baserer seg altså på 3-4 dagars feltarbeid, to grendemøte, tre møte med kommunen samt noko kjennskap til regionen frå tidlegare. Underteikna har ikkje hatt høve til å oppdatere seg på heile regionen og underregionen, noko som er viktig for å kunne vurdere områda opp mot kvarandre. Dette var det ikkje budsjett til, og det er det også teke atterhald om i avtalen med Kvinnherad kommune. Det viktigaste her er ikkje kva forfattaren meiner og som er grunngjeve gjennom analysen av landskapet. Det viktigaste er at folk i området får eit meir bevisst forhold til dei verdiane som dei forvaltar, og kva for konsekvensar ulike tiltak kan få. Kva det vil seie for nærmiljøet, regionen elles og over tid. Det gjeld tema som:

- Spreidd/samla busetnad og hyttebygging og samanhengane mellom land- og sjøområda
- Verneverdige natur- og kulturlandskap og deira nærområde
- Tilgjenge til viktige friluftsområde, utmark generelt og til sjøen

## 3.1 Spreidd eller samla (fritids)busetnad - og tilgjenge til sjøen





Bilda over syner eit gamalt husnaust som framleis er i bruk og som nyleg vart restaurert. Naustet ligg inst i Nordrepollen. Under ser vi eksempel på moderne husnaust frå Ænes i lag med vanlege naust og hyttenaust. Hus- og hyttenaust gir høve til å samle busetnaden langs fjorden på ein tradisjonsrik måte, samstundes som ein kan bevare lengre strekningar utan inngrep og opne for friluftsliv.





Hyttenausta til høgre er bygd i dei store fyllingane langs fylkesvegen inn mot Austrepollen. Enno er områda prega av at ein er midt i byggeperioden, men etterkvart som det gror til her, vil desse miljøa også kunne framstå som opplevingsrike, varierte og heilskaplege. Det er viktig å tek vare på den tradisjonen som husnausta langs fjorden representerer, og som gjer til at også denne typen hus er utforma "ærleg" og finn sitt uttrykk i vår tid.





Hyttenaust og fast busetnad i fjæra fordrar at ein alt i planfasen er oppteken av å sikre tilgjenge til sjøen. Tilrettelegging for almen ferdsel langsmed stranda er viktig for å sikre attraktive område både for fastbuande og hyttefolk. Men, enkelte sårbare område tålar lite eller inga utbygging utan at landskaps-karakteren endrast. Mange stader i Hardanger er slike veginngrep store og synlege over stor avstandar, slik at heile landskapsområde får redusert karakter, særpreg og inntrykksstyrke. Dette gjeld dessverre og for dei fleste nye hytte- og bustadområda i området mellom Maurangsnes og Gaussvik (sjå neste side).

## 3.2 Kulturlandskap og naturmiljø – kor mykje er det mogleg å tilpasse?

Underregionen kan vise fram mange inngrep der utforming og skala er dårleg tilpassa det som særpregar og underbyggjer identiteten til eit område, også kalla landskapskarakteren. Det gjeld t.d. vegbygging i samband med nye hyttefelt og korleis nærområda til viktige natur- og kulturlandskap blir forvalta. Inngrep kan vere synlege over lange avstandar og også påverke opplevinga av andre landskapsområde i negativ retning.



Nytt hyttefelt på Årviksneset Foto: HL



Planlagt hyttefelt Maurangsnes Foto: AH

Maurangsneset er eit spesielt variert område, med gamle og verdifulle kulturmarkstypar. Området er verdifullt både når det gjeld biologisk mangfald, som referanseområde for kulturlandskap og som rekreasjonsområde. Vegbygging, skogsdrift og hyttefelt med naust er ei stor utfordring i eit slikt sårbart og ulendt landskap med skrinn vegetasjon. Store vegskjeringar i område med skrinn og lysopen skog verkar brutalt og vidare hyttebygging i slike område set store krav til traseval, omfang av vegbygging og landskapsomsyn. Området er også godt synleg frå hovudvegen på andre sida av fjorden. Her kan vegbygging til hyttefelt vere direkte umogleg, dersom ein ynskjer å halde opp dei kvalitetane området har i dag.



Maurangsnes og Marangerfjorden Foto: AH



Edle lauvtre omkransar naustområdet Foto: HL

Det viktig å skape gode overgangar mellom verdifulle natur- og kulturlandskap og moderne arealbruk. Når det gjeld vern, er det ofte snakk om type og omfang av bruk, Men, det er ikkje alltid mogleg utan å endre både landskapskarakter og opplevingspotensiale.





Ænes kyrkje ligg ved innfallsporten til Folgefonna nasjonalpark. Både nasjonalparken og middelalderkyrkja treng gode overgangssoner mellom kjerneområde og bruksområde. Foto: HL

## 3.3 Tilgjenge til viktige friluftsområde, til utmark og til sjøen

I Sunndalen er det få rassikre område utanom dyrkamark og hamnehagar som eignar seg for bygging av bustader, hytter eller hyttenaust. Ein bør difor vere varsam med å byggje ned desse restareala. Hellesneset som ligg på grensa til Austrepollen landskapsområde, er eit slikt område.

Hyttenausta i vegskråninga her er ei god og lite arealkrevjande løysing, fordi ein unngår å bygge ned område som er attraktive og verdifulle for friluftsliv/nærrekreasjon og som beite.

I Sunndal planlegg dei tiltak for å styre ferdselen innover til Bondhusbreen betre. Dette er viktig utfartsområde for turistane og nærrekreasjonsområde for fastbuande. Her som mange andre stader i bygdenorge er det nødvendig å leggje til rette for betre tilgjenge til utmarka, som gjerne er gamle beite. Slike beiteområde har stor rekreasjonsverdi, nettopp fordi dyra held vegetasjonen nede - og skogen lysopen. Dette er viktige nærturområde både for lokalbefolkning og tilreisande.

